



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Alver 499/50 - Ystebø - utviding av kai m m

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.03.2023. Saka gjeld søknad om utviding av kai og utliggarar i forkant av kai. Utviding er opplyst med om lag 1 meter i breidda. Utliggarar er målsatt til 6 meter.

Tiltak krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø i kommuneplan for tidlegare Radøy kommune, arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt avstandskrav i pbl.§29-4. Tiltak krev kanskje dispensasjon frå arealføremål «badevik» i reguleringsplan for Skjelvik. Kommunen skal avklare dette.

Stasforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Kaien er i dag 14,7 x 2 meter, og er allereie ein stor privat konstruksjon for ein fritidseigedom. Med utliggarar vert kaien 20,7 meter lang, med ein breidde på 3 meter på store delen av kaien. Det ligg ein regulert badeplass rett ved sidan av som kan bli påverka av tiltaket. Tiltaket ligg også innanfor registrert friluftsområde, av type leik og rekreasjonsområde.

Byggeforbodet i strandsona skal sikre både friluftsliv, ålmente interesser, natur og landskap. I denne saka er det særleg omsyn til landskap og friluftsliv som seg gjeldande, og som kommunen må vurdere. Det er særleg viktig at tiltaket ikkje påverkar kvalitetane i badevika negativt.

Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN